

Miljøverndepartementet
e-post: postmottak@md.dep.no

Høyring - forslag til endringar i erstatningsordninga for husdyr og tamrein

Vi viser til høyringsbrev 10.03.2012 om forslag til endringar i erstatningsordninga for husdyr og tamrein.

Vi har i fråsegna frå Fylkesmannen lagt vekt på innspel av omsyn til både miljøvern- og landbruksinteressene.

Generelt vil vi meine at erstatningsordninga fungerer rimeleg greitt i Sogn og Fjordane, men at den store graden av bruk av skjøn ikkje er tilfredsstillande. Skadedokumentasjonsarbeidet er blitt betre med SNO sitt profesjonelle apparat og er såleis betre enn før. Rovviltarbeidet er konfliktfyllt, men vi er ikkje sikre på om konfliktnivået blir lågare dersom det blir nytta enno meir ressursar i SNO sitt arbeid. SNO vil uansett aldri kunne dokumentere alt tap, og det vil alltid kunne vere konfliktfulle saker igjen. Sogn og Fjordane er eit fylke med mykje sau på beite, store tap, og lite rovvilt. Tapa skuldast i hovudsak sjukdom og parasittar. Av skade som skuldast freda rovvilt er det jerv, gaupe og kongeørn som er årvisse skadegjerarar. I dei siste seks åra har også bjørn i periodar vore innom fylket.

Til dei enkelte forslaga vil vi kort kommentere følgjande:

- Geografisk differensiert erstatning i område utan faste førekomstar av rovvilt vil seie same ordninga som i dag, både for erstatning og for dokumentasjon. For vår del inneber dette eit fortsatt relativt høgt konfliktnivå, spesielt i områda med jerveskade i Indre Sogn. Det er og eit definisjonsspørsmål om kva som er faste førekomstar. Vi har jamn trafikk av jerv i deler av fylket, ynglingar blir jamleg påvist og tekne ut av SNO. Slik sett har vi faste førekomstar av jerv. For gaupe er datagrunnlaget dårlegare, berre ved eit par tilfelle er det dokumentert familiegruppe dei siste ti åra. Kongeørn har fast bestand spreidd over heile fylket.
- I vårt fylke måtte då f.eks Indre Sogn kome inn under geografisk differensiert erstatning med «rovviltførekomst og tapsrisiko», resten av fylket ville kome inn under område utan faste førekomstar. Tilhøva er likevel såpass forskjellige også i Indre Sogn at å praktisere at alt utover normaltapet skal erstattast her, vil føre til at mange brukarar utan rovvilttap får erstatning dei ikkje har krav på. Vi vil jo tru dette kan vere tilfelle også i fylke med større rovviltførekomst enn i Sogn og Fjordane.
- I område utan fast førekomst av rovvilt (med unnatak av kongeørn.) vil vi meine at dagens erstatningsordning er den som er mest korrekt gitt at skadedokumentasjonen fungerer. Nokre skadetilfelle vil ikkje bli oppdaga og nokre vil bli feilvurderte, men totalt sett er ordninga rimeleg rettferdig. Innendingar kan vere at det krev for mykje

utøving av skjøn ved utrekning av erstatning, SNO sitt dokumentasjonsarbeid er ikkje godt nok til å dekke alle moglege saker, SNO greier ikkje å dokumentere rovviltbestandane osv. Normaltapa er elles store i mindre område i midtre og ytre delar av Sogn og Fjordane, og lammetap på 15 % er ikkje unormalt her – i **gjennomsnitt**. Ei ordning der t.d. alt tap over eit normaltap på eks 3 % ville her ikkje føre til igangsetting av tapsreduserande tiltak, og det vil heller ikkje vere ei rettferdig bruk av erstatningsordninga.

- Heile Sogn og Fjordane er prioritert for beitebruk, og det er politisk bestemt at vi ikkje skal ha yngling av dei fire store rovdyra her. Denne målsettinga er berre delvis oppfylt. Dei mange jerveynglingane i Indre Sogn viser at det ikkje er like lett å setje ei grense på eit kart og definere at jerven skal ha tilhald på den eine sida. Dette er også hovudgrunnen til det relativt høge konfliktnivået i Indre Sogn.
- Til slutt vil vi be om at det blir vurdert om erstatningsordninga for rovvilt og erstatningsordninga for tap av sau på beite kan samordnast betre enn i dag. Dette gjeld både søknadsfristar (1.11 og 31.12) og samordning, dersom mogleg, av søknadsskjema. Generelt vil vi peike på at det må vere mogleg å stille strengare krav til søkjarar, t.d. medlemskap i husdyrkontrollen, dokumentasjon av tilsyn, kvalitet ved drifta osv. Det må og vere mogleg å kople dei forskjellige registra som går på dyretal, produksjonstilskot/husdyrregister og tapstal.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post: Rovviltnemnda Region 1
Kontaktutvalet for rovviltsaker v/Marit Flatjord
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Vest-Agder